

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Kristi openberringsdag – 4. januar 2015

Preiketekst: Luk 2, 40-52

Lesetekst I: Jes 49, 1-7

Lesetekst II: Rom 15, 4-6

## Tolvåringen i Far sitt hus

### Dagen

Kristi openberringsdag er ein av dei eldste kristne kyrkjeårsdagane. Frå først av var feiringa av Jesu fødsel lagt til denne dagen; dette blei seinare flytt til 25. desember. Andre namn på dagen er Heilage tre kongars dag og Epifania (= openbering). Dagen blir gjerne markert som ein misjonssøndag.

Lesetekstane: Jes 49 har eit sterkt universelt innhald. Rom 15 legg vekt på skriftene, spesielt på det tomod og den trøyst som skriftene gjev.

### Preiketeksten

Denne teksten er den einaste bibelfortellinga om Jesu ”skjulte år”, hans oppvekst i Nasaret. Det er mange slike fortellingar i dei apokryfe evangelia. Lukas trengte ikkje tatt med fortellinga for samanhengen si skuld; han kunne gått rett frå 2,40 til 3,1 og slik vore meir i harmoni med Markus og Matteus. Men han ville tydelegvis ha med denne eine fortellinga der Jesus har gått frå å vera barnet Jesus (*to paidion*: 2,17, 27 og 40) til guten Jesus (*ho pais*: 2,43). Teksten har eit viktig kristologisk sikte; Jesus har ein himmelsk Far, han er Guds son.

Teksten blir ramma inn av ord om Jesu utvikling og mogning, versa 40 og 51-52. Lukas har liknande vers om Døyparen Johannes si utvikling i 1,80. Det finst fleire liknande utsegner i GT, truleg er orda om Samuel i 1 Sam 2, 21b og 26 ein viktig bakgrunn. Det er ein tydeleg samheng mellom rammeversa si vektlegging av Jesu visdom (v 40 og 52) og fortellinga om hans klokskap i møte med dei eldste i tempelet (v 47).

Maria (og Josef) skjønna ikkje kva Jesus meinte, men Maria gøymde ”alt dette” i hjartet sitt, på same måte som ho hadde gjort 12 år tidlegare i samband med fødselen. Kva tid tok ho fram dette som ho hadde gøymt? Lukas får fram at Maria står for ein viktig kontinuitet frå Jesu barndomshistorie til den første kristne kyrkja (Apg 1,14).

### Pilegrimsreise med dramatisk avslutning

Jesu familie var jødar som reiste på pilegrimsreisene opp til Jerusalem. Det normale var nok at barna var med, men i den lukanske historiefortellinga er dette Jesu første reise ”opp til Jerusalem”, og den får dermed ein viktig plass i evangeliet. Det står ikkje noko om feiringa av påskehogtida, den er underforstått. Men Jesus har altså her vore med på den store feiringa av

påskan på og rundt tempelplassen i Jerusalem. Høgdepunktet var påskenatta med påskemåltidet, ei vakenatt med sterk Messiasforventning.

Nokre tenkjer seg at denne påskehøgtida var ei markering av Bar Mitsva for Jesus, det som i dag er den jødiske "konfirmasjonen" for 13 år gamle gutar. Dette er tvilsamt; skikken er truleg ikkje så gamal. Andre ser for seg at det dreier seg om ein forløpar for Bar Mitsva. Men dette har me heller ingen historisk kjennskap til.

Jesu familie må ha reist i lag med eit stort følgje med slektningar og kjenningar. Då dei var på veg heim etter høgtida, tenkte foreldra hans at han "var med i følgjet", og slappa faktisk av med det den første dagen på heimreisa. Dette er underleg sett med vår tids auge, men det seier noko sterkt om at Jesus har vakse opp i eit trygt miljø.

Først etter tre dagar fann dei han i tempelet; truleg betyr det tre dagar etter at dei hadde reist frå Jerusalem: Ei dagsreise mot Nasaret, ei dagsreise tilbake, og ein dag med leiting i folkehavet i Jerusalem. Ole Chr. Kvarme oppgir i si bok "Åtte dagar i Jerusalem" at byen hadde mellom 50.000 og 100.000 innbyggjarar, og at det kunne vera 100.000-200.000 tilreisande i valfartshøgtidene.

Arkeologen Dan Bahat skriv at Jesu foreldre truleg fann Jesus ein bestemt stad i dei store trappene som gjekk opp til tempelplassen frå sør. Bahat hevdar dette på bakgrunn av ein inskripsjon som blei funnen der og som kan tyda på at dei eldste hadde fått tildelt ein bestemt stad i desse trappene. (Dan Bahat: "Jesus and the Herodian Temple Mount" i Charlesworth (red): *Jesus and Archaeology*. Grand Rapids/Cambridge 2006, side 300-308).

### **Sentrum i teksten**

Jesus sat midt mellom lærarane og lydde på dei og stilte spørsmål (v 46). Neste vers tilseier at han også svara på deira spørsmål (v 47). Han var klok. Dette var tydeleg ein unik situasjon som skapte undring både for dei som høyrde på han (det var altså fleire), og for foreldra då dei oppdaga kva som skjedde.

Jesus lyttar til lovlærarane, stiller dei spørsmål og gir sjølv svar på deira spørsmål. Dette viser fram mot Jesu seinare debattar med dei lovkyndige om innhaldet i lova. Men her ser me ikkje noko til den avstanden det seinare skulle bli mellom Jesus og dei skriftlærde. Det er ikkje ein stridssamtale. Teksten er i ei heilt anna verd; barndomsfortellingane ber preg av tempel-fromheita som Jesus vaks opp i (Luk 1-2 og Matt 1-2).

### **I huset åt Far min**

Dette er eit hovudutsegn i teksten. "Eg må" er forståeleg når me les Jesu ord som ei stadfestinga av at han er Guds son. Jamfør Luk 4,43; 22,37; 24,7 og 24,26. Men ordet "hus" står faktisk ikkje i den greske teksten, der manglar det som for oss er det sentrale substantivet. Den knappe teksten kan omsetjast slik: "Eg må vera i det/dei (som er) min Fars". Det kan dreia seg om ein lokalisering (hus, tempel), ein aktivitet (samtale om lova) eller eit fellesskap (knytt til den himmelske far framfor den jordiske familie).

Alternative forslag til omsetjingar, fritt gjengitt på nynorsk av meg:

- Heime hos far (Per Lønning: *Følg meg*. Side 80)
- Eg må halda meg til min Fars saker (Knut Grønvik: *Dager som kommer*. Oslo 2014. Side 138).

Lokaliseringa av hendinga i tempelområdet har ført til den tradisjonelle (og gode) omsetjinga "i min Fars hus". *Fars hus* er eit kjent omgrep i GT, men det blir ikkje brukt om tempelet. Slik sett er ordbruken nyskapande, slik også Jesu omtale av Gud som far, er det.

## Til forkynninga over teksten

Ein enkel disposisjon til ei fortellingspreike over teksten kunne vera:

1. Jesu oppvekst i eit trygt miljø. Jødiske tradisjonar. Valfart til påske i Jerusalem.
2. Jesus i djup samtale med lærarane i tempelet. Spørsmål og svar.
3. ”Eg må vera i huset åt Far min”.
4. Maria gøymmer på det ho ikkje forstår og tar det fram sidan.

Paul Erik Wirgenes som har vore sentral i oppbygginga av trusopplæringa i Den norske kyrkja, skriv med utgangspunkt i teksten i spalten Etertanke i Vårt Land 2013 (fritt gjengitt):

1. Heldige er dei foreldre som finn igjen sitt bortkomne barn i eit heilagt hus der det kan vera trygt. Det er mange barn og unge som er mykje i kyrkjene sine. La oss gjera kyrkjene til trygge stadar for dei.
2. Heldig er det barn som finn eit trygt heilagt hus å søkja tilflukt i når det har kome bort eller stukke av frå foreldra sine. Mange har behov for tilknytning til stadar og fellesskap utanfor eigen familie.
3. Heldig er det trussamfunn som har vaksne som lar seg fascinera av tolvåringars spørsmål og svar. Me treng vaksne som kan føra dei lange og gode samtalane med barn og unge.

Carl Henrik Martling foreslår følgjande disposisjon i ”Mitt i verkligheten”, bd 1, side 63-65:

1. Endast den som saknar Jesus söker honom
2. Endast den som söker Jesus finner honom
3. Endast den som finner Jesus ser hans härlighet

### **Arne Berge**

Sokneprest i Hinna, Stavanger bispedøme. Leiar av styret for Stavanger krins av DNI. Reiseleiar på turar til Israel, og tidlegare medlem av Landsstyret i DNI.

[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)